

Til lærar

Jørgen Thunold

Tone.: At far min kunde gjera.

Kvat var det som, med styrke
drog heimanfraa i dag
og kaldte burt fraa yrke
til fest i venelag?
Jau — syna var vaar meining
so godt det gierast kan,
at me slær krins i eining
um trugen arbeidsmann.

Du Thunold — fagnamannen —
no skulen baud farvel,
gav plassen til ein annen —
enn ung i sinn og sjæl. —
Men høyr so kor det tonar
fraa tusundstemmig kor
med lovords millionar
fraa liten og fraa stor.

Fraa rekkjorne dei lange
igjenom firti aar
med skuleborni mange
idag du helsing faar.
Her ser du gut og gjenta
med alders snø kring tind,
me kjem, som du kann venta,
med takk i stova inn.

Av kunnskap nok me gløynde
so mangt i aar, som gjekk,
men — tru oss — og me gøynde
det dyraste, me fekk.
Du hjalp oss trutt aa finna
den bedste blom, som gror:
I barnetru aa vinna
ny kraft fraa Herrens ord.

Men visst du og var meire
enn far for sine „smaa“,
og difyr er der fleire,
som varm deg skynar paa.
Eit bygdeliv aa byggja
i søma og i dug,
god voksterveg aa rydja, —
der laag din hjartans hug.

Naar sol i haustkveld glader,
du ogso kjenna skal,
at vänleik allestader
seg tær kring nut og dal.
Og løni — ja den ventar
høgt yver Glittrelind,
naar Gud i Himlen hentar
den trugne tenar sin.

A. A.

